



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Valstyret  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 02.05.2017  
**Tid:** 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam  
ordfører



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 2/17	<b>Røstelokale og røstegjevingstid. Stortingsval og sametingsval 2017</b>
PS 3/17	<b>Val av røstestyre ved stortingsval og sametingsval 2017</b>
PS 4/17	<b>Utlekking av manntalet</b>
PS 5/17	<b>Plan for førehandsrøstiing ved Stortings- og sametingsvalet 2017</b>
PS 6/17	<b>Delegering av oppgaver og mynde</b>

## **Politiske saker**

**PS 2/17 Røystelokale og røystegjevingstid. Stortingsval og sametingsval  
2017**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen      Arkivsak nr.: 2016/721  
Arkivkode: 011

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
2/17	Valstyret	02.05.2017

### RØYSTELOKALE OG RØYSTEGJEVINGSTID. STORTINGSVAL OG SAMETINGSVAL 2017

#### Administrasjonen si tilråding:

#### Røystinga skal få føre seg i følgjande lokale:

- **Mork røystekrins: Mork skule**
- **Øyra røystekrins: Uppheim**
- **Austefjord røystekrins: Austefjord skule**
- **Folkestad røystekrins: Folkestad skule**
- **Dalsfjord røystekrins: Grendahuset Vesttun**

**Valdagen er fastsett til måndag 11. september. Tida for røystegjevinga skal i alle krinsane vere frå kl. 12.00 til 18. 00 med unntak for Øyra krins, der røystegjevingtida skal vere frå kl. 9.00 til kl. 20.00. Valstyret ser det som unødvendig at vallokala i dei andre krinsane skal ha ope til kl. 20:00**

#### Vallokale:

Jf valgloven 9-3.2 er det valstyret som avgjer kor røystegjevinga skal foregå og som fastset tida for røystegjeving på valdagen.

I Øyra røystekrins blir det foreslått å bruke Uppheim som røystelokale. Årsaka er at Samfunnshuset, som tidlegare har vore brukt som røystelokale, er under renovering og derfor ikkje tilgjengeleg for bruk.

Når det gjeld Dalsfjord krins, så foreslår administrasjonen at ein nyttar Grendahuset Vesttun som røystelokale, det ligg sentralt til i høve ferje/pendling, og sentralt når det gjeld dei tre tidlegare røystekrinsane som no utgjer Dalsfjord krins. Utgiftene til å leige Vesttun er låge. Alternativt kan ein nytte Dalsfjord skule som kommunen sjølv eig, og der det heller ikkje er utlegg til leige av lokale.

#### Røystegjevingstid:

Kommunane blir oppfordra til å legge til rette for auka valdeltaking, m.a. gjennom opningstidene på valdagen. I valloven er det opna for at vallokala kan vere opne til kl. 21:00 – tidlegare var dette kl.20:00. Valloven fastset ikkje eit minimumsantal timer som vallokalet skal vere ope.

Ved Kommune- og fylkestingsvalet for to år sidan, hadde vallokalet ved Øyra krins ope frå kl. 9:00 til kl. 20:00. Vallokala i dei andre krinsane hadde ope frå kl. 12.00 til kl. 18.00. Etter at det blei vedteke å slå saman røystekrinsar, så vil Volda kommune ha fleire røysteføre i kvar krins enn tidlegare, men vurderinga er likevel at det ikkje er nødvendig å auke opningstida i høve til tidlegare.

Ut frå den tendensen som har vore siste åra, er det grunn til å tru at talet på førehandsrøyster vil auke enno meir. Ved Stortings- og sametingsvalet i 2013 var det meir enn 1/3 som røysta på førehand.

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Alle lokala har god tilgjengelegheit til lokalet og i lokalet, og er godt eigna for å avvikle val.

**Økonomiske konsekvensar:**

Leige av Uppheim 10.000 kr frå fredag 8. september t.o.m. tysdag 12. september (:klargjering av vallokalet/opp- og nedrigging av valavlukke etc).

Leige av Grendahuset Vesttun: 1500 kr

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

**Vurdering og konklusjon:**

Valstyret bør vurdere om nokon av krinsane skal ha lengre ope for mottak av røyster, t.d. frå kl. 8:00 eller 8:30 og/eller til kl. 20:00 eller 21:00. Ei slik utviding er vel i første rekke vere aktuelt å vurdere for Øyra.

For dei andre krinsane rår eg til at det i samband med valet i år vert gjort tilsvarande vedtak som ved siste val når det gjeld røystegjevingstid.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Valadministrasjonen for vidare arbeid.



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2017/285
		Arkivkode:	033

---

<b>Utvallsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
3/17	Valstyret	02.05.2017

### VAL AV RØYSTESTYRE VED STORTINGSVAL OG SAMETINGSVAL 2017

#### Administrasjonen si tilråding:

*Valstyret vel følgjande medlemmer..... til røystestyra:*

#### Samandrag av saka:

I kvart vallokale i kommunen skal eit eige røystestyre leie gjennomføringa av valet på valdagen. Eit røystestyre er i følge kommunelova eit fast utval, jf. kommunelova § 10, og for dei gjeld reglane i kommunelova om rettar og plikter for folkevalde. Røystestyra skal ha minst tre medlemmer.

Valstyret har fullmakt til å velje røystestyre, jf. reglement for Volda valstyre KST-sak 45/11.

Kommunestyret vedtok den 30.03.2017, i PS 35/17, å redusere talet på røystekrinsar frå 16 til 5, gjeldande frå og med Stortings- og sametingsvalet 2017. Volda kommune har følgjande røystekrinsar: Mork, Øyra, Austefjord, Folkestad og Dalsfjord. Kvar av krinsane skal ha eige røystestyre.

Det er etter vallova § 9-3 (4) reglar om kva oppgåver listekandidatane kan ha ved gjennomføring av kommune-, fylkestings- og stortingsval: Listekandidatane er ikkje valbare til røystestyra, og dei kan heller ikkje ta imot røyster eller vere valfunksjonærar.

Grunngjevinga er at det er prinsipielt uheldig at kandidatar som sjølve stiller til val, har direkte kontakt med veljarane i samband med røystegivinga.

Kommunen har gjennom heimesida og facebook invitert innbyggjarane til å melde seg dersom dei ynskjer å vere medlem i røystestyra. Det har ikkje kome inn forslag til nye medlemar.

**Framlegg til samansetjing av røystestyra. Røystestyra er ei blanding av røystestyra frå kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 (dei som har bede om fritak, er tatt ut av oversikta):**

### **MORK KRINS**

#### **Medlemar:**

1. Bente Grevsnes Bratten- leiar
2. Kåre Johan Lid – nestleiar
3. Inger Eli Bjerkvik
4. Johanne Hege Ryste
5. Tove Eidset
6. Nina Bjerkvik

#### **Varamedlemar:**

1. Tore Jørgensen
2. Nordis Midtsæther
3. Jakob Bratten
4. Kjell Arne Berkvik
5. Bård Egset
6. Ann Sølvi Heltne

### **ØYRA KRINS**

#### **Medlemer:**

1. Håvard Strand – leiar
2. Margunn Roen - nestleiar
3. Randi Bergem
4. Elisabeth Trandal
5. Kai Raaberg
6. Leif Inge Skare
7. Vidar Eikrem
8. Karin Heggen
9. Sylvi Lundberg
10. Eldar Høydalsvik
11. Gerd B. Brattli
12. Hogne Hallaråker
13. Gunnar Gjersdal
14. Dag Sætre
15. Kari-Inger Straume
16. Jo Stian Tverberg
17. Grete Mattland Olsen
18. Jørn Persson
19. Anne Lone Rotevatn
20. Egil Straume
21. Arne Lothe
22. Kaisa Holsvik
23. Unn Kristin Silden
24. Odd Kåre Fløtre
25. Tove Aurdal Hjellnes
26. Alf Roger Djupvik
27. Nils Magerøy
28. Håkon Bø
29. Andres Mänd
30. Olav Trandal
31. Kjetil Eiksund
32. Fred Brandal
33. Mari Egset Lystad

#### **Varamedlemer:**

1. Kari Hustadnes
2. Malvin Fremmerlid
3. Ann-Britt Våge Fannemel
4. Anne Grethe Vågen
5. Peder Sefland
6. Geir Bakkebø
7. Stian Engjåberg
8. Aud Selma Husøy
9. Erling Sivertsen
10. Solveig Skrede
11. Dace Dizbite Ose
12. Carina Haugland
13. Siv Osdal
14. Astrid Ulstein
15. Heide Rinn Grimstad
16. Siv Heidi Osvoll
17. Rolf Heltne
18. Ragnvald Aarseth
19. Bjørn Kåre Jensen
20. Tor Hallaråker
21. Tor Olsen
22. Svein Reite
23. Astrid Liestøl
24. Siv Aurdal
25. Jan Heltne
26. Anna Mjånes
27. Svein H. Arnesen
28. Ingrid Opedal
29. Live Sætre Rotevatn
30. Hildebjørg Homberset
31. Per Ole Humberseth
32. Sylvia Hamre

34. Åge Håvik
35. Frank Lande
36. May-Lisbet Lande
37. Rune Aasen
38. Audun Høydal
39. Marit Isene
40. Magnulf Gjersdal
41. Tor Vorren
42. Kjell Løvland
43. Anne Steinsvik Nordal
44. Åse Lillerovde
45. Kjell Heltne
46. Olav Knut Furnes
47. Tone Grimstad
48. Ivar Driveklepp
49. Helga Elin Nordbø Halck
50. Vagleik Hustadnes
51. Hilde Karin Hjorthaug Berg
52. Tonje Berg Bakkebø

33. Mone Løvøy

#### **AUSTEFJORD KRINS**

##### **Medlemer:**

1. Tanja Sundal - leiar
2. Solfrid Førde – nestleiar
3. Marie Måen
4. Kjell Høydalsvik

##### **Varamedlemer:**

1. Monika Leite Høydal
2. Asbjørn Hustadnes
3. Gry Engjåberg
4. Bernt Kalvatn – nestleiar
5. Ingunn Holsvik
6. Anne Ryslett
7. Nils Ivar Osdal
8. Lilla Høydalsvik

#### **FOLKESTAD KRINS:**

##### **Medlemer:**

1. Hallvard Bjørneset – leiar
2. Lilli Brenne Røv – nestleiar
3. Karl A. Helset
4. Ola Johannes Steinsvik
5. Oddbjørg Y. Rangsæter
6. Gunhild Øksne

##### **Varamedlemer:**

1. Rolf Følsvik
2. Marny Furnes
3. Ivar Hagen
4. Kari Vik Dahle
5. Marianne MEEK
6. Kristin Kongsvoll
7. Jørn Olav Løset
8. Inger Marie Dalebø
9. Nanny Helset
10. Annbjørg Åkenes
11. Bård Lillefosse

#### **DALSFJORD KRINS**

##### **Medlemer:**

1. Beate Brandal - leiar
2. Wivi-Ann Koppen - nestleiar
3. Olav Sætre

##### **Varamedlemer:**

1. Frode Løvik
2. Eli Magnussen Hellebust
3. Ingvald Skårland



4. Jon Paul Grebstad

4. Sivert Reite  
5. June Katrin Klingberg  
7. Thor Velsvik  
8. Anita Tilseth  
9. Erling Ulvestad

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Servicekontoret  
Medlemene i røystestyra



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2016/721
		Arkivkode:	011

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
4/17	Valstyret	02.05.2017

### KUNNGJERING - UTLEGGING AV MANNTALET TIL OFFENTLEG ETTERSYN

**Administrasjonen si tilråding:**

*Manntalslistene i Volda kommune vert lagt ut så snart dei ligg føre etter skjeringsdato 30. juni 2017, og fram til og med valdagen 11.09.2017.*

*Manntalet vert lagt ut på Volda rådhus, servicekontoret.*

**Uprenta saksvedlegg:**

Vallova, [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-28-57#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-28-57#KAPITTEL_2)

**Saksopplysningar/fakta:**

Vallova § 2-4 seier at skjeringsdato for registrering av bustadadresse i manntalet er 30. juni i valåret. Dette inneber at veljar vil vere manntalsført i den kommunen ein var registrert i før 30. juni 2017. Dersom ein har flytta til kommunen etter skjeringsdato og ynskjer å røyste i den nye kommunen, har ein høve til dette ved å førehandsrøyste. Ved førehandsrøysting, vil kommunen sende røystesetelen til kommunen der vedkommande er manntalsført.

I følgje vallova § 2-6 skal valstyret legge manntalet ut til offentleg ettersyn så snart det let seg gjere, manntalet skal ligge ute til offentleg ettersyn til og med valdagen. Valstyret skal kunngjere tid og stad for utlegginga. Det skal også opplysast om moglegheit til og framgangsmåte for å krevje at feil i manntalet retta.

Krav om retting i manntalet skal vere skrifteleg og grunngjeve, og sendast til valstyret i kommunen, jf. vallova § 2-7, nr. 2.

Rune Sjugard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Servicekontoret for utlegging til offentleg ettersyn



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/721
		Arkivkode:	011

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
5/17	Valstyret	02.05.2017

### PLAN FOR FØREHANDSRØYSTING VED STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2017

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Det vert mottak av tidlegrøyster på rådhuset (servicekontoret) frå måndag 3. juli t.om. 9. august frå kl. 8-00-15.30.*
- 2. Det vert mottak av førehandsrøyster på rådhuset (servicekontoret) frå 10. august t.o.m. 25. august frå kl. 9.00-15.00, og frå kl. 8.00-15.30 i perioden 28. august t.o.m. 8. september.*
- 3. Det vert utvida opningstid for mottak av førehandsrøyster torsdag 24. august fram til kl. 18.00, laurdag 26. august kl. 11.00-14.00, og måndag 4. september, tysdag 5. september, onsdag 6. september og torsdag 7. september fram til kl. 18.00.*
- 4. Det vert mottak av førehandsrøyster på Høgskulen i Volda, Volda vidaregåande skule og helse- og omsorgsinstitusjonar. Dette er planlagt til siste del av veke 34, i veke 35 og 36.*
- 5. Frist for søknad om ambulerande mottak av førehandsrøyster vert sett til tysdag 5. september kl. 15.00.*
- 6. Tilsette ved servicekontoret vil vere mottakarar av førehandsrøyster.*
- 7. Alle typar førehandsrøysting skal kunngjerast i lokalpressa og på kommunen si heimeside i rimelig tid.*

#### Uprenta saksvedlegg:

Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven)

Forskrift om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgforskriften)

#### Saksopplysningar:

Vallova slår fast at det skal vere høve til tidlegrøysting frå 1. juli og fram til den ordinære førehandsrøystinga startar. Ved tidlegrøysting er det ikkje krav om to røystemottakarar jf vallova

§ 8-1 femte ledd og valforskrifta § 24a. I år fell 1. juli på ein laurdag, så oppstart av tidlegrøysting vert derfor måndag 3. juli.

Frå 10. august startar den ordinære førehandsrøystinga som varer fram til den siste fredagen før valdagen. For å legge til rette for at flest mogleg skal få høve til å røyste, blir nokre dagar med utvida opningstid: 5 ettermiddagar og ein laurdag. Førehandsrøystinga skal avsluttast fredag 8. september jf § 8-1 i vallova.

Førehandsrøystinga ved institusjonar, sjukehus og skular vert gjennomført av kommunen ved to av dei tilsette i administrasjonen i Volda kommune.

Når det gjeld ambulerande røysting, så inneber det at veljarar som på grunn av sjukdom eller at dei er uføre ikkje kan røyste der det blir halde førehandsrøysting, kan sende søknad til valstyret for å få førehandsrøyste der dei held til, jf. vallova § 8-3 sjetle ledd. Søknadsfristen skal fastsetjast til eit tidspunkt mellom tysdag og fredag den siste veka før valet. Den siste veka før valet er svært hektisk for dei tilsette som har ansvar for gjennomføringa av valet, og fristen for å søke om ambulerande røysting bør derfor vere tysdag 5. september kl. 15.00, slik at administrasjonen får rimeleg tid til å gjere avtalar for å motta førehandsrøyster hos dei som har søkt. To av dei tilsette i administrasjonen i Volda kommune vil ta hand om den ambulerande røystinga.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

**Vurdering og konklusjon:**

Gjennom tidlegrøysting, førehandsrøysting, utvida opningstider for mottak av førehandsrøyster, mottak av førehandsrøyster på skular, sjukehus og institusjonar og tilbod om ambulerande røysting – i tillegg til sjølve valdagen – så er tilhøva lagt godt til rette for veljarane. Totalt sett vil dette vere eit så godt tilbod at dei som ynskjer å nytte retten sin til å røyste, skal kunne gjere det utan særlege vanskar.

Rune Sjurgard

Rådmann

Inger-Johanne Johnsen

sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Valadministrasjonen for vidare arbeid



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2016/721

Arkivkode: 011

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

6/17

Valstyret

02.05.2017

### VALSTYRET - DELEGERING AV OPPGÅVER OG MYNDE

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Valstyret delegerer mynde til å treffe vedtak i einskildsaker og saker av ikkje prinsipiell karakter til leiar for valstyret og til sekretariatet for valstyret.*

#### **Uprenta saksvedlegg:**

Vallova med forarbeid

Valghåndboken

#### **Saksopplysningar/fakta:**

Vallova med forskrift har ikkje eigne reglar om delegering av valstyrets mynde, det er kommunelovas reglar om delegering av mynde som er gjeldande. Delegeringsmoglegheit omfattar enkeltsaker eller saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jf. kl. § 10 nr. 4 og § 23 nr. 4.

Valstyrets leiar, eit arbeidsutval eller rådmann kan gis vedtaksmynde i saker som etter lova er gitt til valstyret. Det er likevel avgrensingar med omsyn til omfang og sakstype. Konkrete saker kan delegerast. I tillegg opnar lova for moglegheit til å delegere «saker som ikkje er av prinsipiell betydning».

Valghåndboken gir ikkje direkte svar på kva som kan sjåast på som prinsipielle, men seier at saker som er av rein praktisk art sjeldan vil vere av prinsipiell betydning. Dette vil typisk vere gjeremål som å sette opp manntall og legge det ut til offentleg ettersyn, kome med kunngjeringar, lage lister over klager, underrette veljarar og kandidatar, trykking av stemmesetlar og liknande. Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell betydning og kan også delegerast. Valstyret kan ikkje delegere dette til leiar åleine, men leiar må gjere dette saman med valstyret sin sekretær eller annan valgmedarbeidar. Dette er heimla i valgforskriften § 35 som seier at det skal vere to personar til stades ved opning av røystegjevingar. Vidare seier forskrifta at dersom opning av omslags- og røystesetelkonvoluttar foregår samstundes, må dette ikkje utførast av same personane. Bakgrunnen for dette er prinsippet om hemmeleg val.

Døme på saker av prinsipiell karakter, og som dermed ikkje kan delegerast, kan i følgje Valghandboken vere: å treffe avgjerd om listeforslag og om tilbakekalling av listeforslag skal godkjennast, samt forkastelse av røystegivingar.

Delegeringsvedtaket må lesast med den avgrensing at den som har fått delegert mynde, har plikt til å gå tilbake til valstyret dersom ei enkeltsak innanfor ein generell fullmakt må sjåast på som ein prinsipiell karakter.

**Vurdering og konklusjon:**

I følgje vallova § 10-1 er det valstyret som skal godkjenne førehandsrøysting avgitt i røystesetelkonvolutt. Dersom kommunen skal foreta prøving av førehandsrøysting fortløpande, må enten valstyret ha kontinuerlige møte for å prøve førehandsrøystene, elles så må det gis fullmakt til eit arbeidsutval. Rådmannen rår til at valstyret gir fullmakt til å godkjenne kurante førehandsrøyster til eit arbeidsutval (:valsekretariatet). Det vil vere praktisk at også dette arbeidsutvalet har fullmakt til å treffe avgjerder på vegne av valstyret også i andre ikkje-prinsipielle saker.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Servicekontoret – valsekretariatet